

Helge Sandøy:

## «fremme samarbeid ... som ... fører målformene nærmere sammen»

Siste åra har det vore ein aukande diskusjon om valfridommen i den nynorske rettskrivinga. Både blant nynorskbrukarar og bokmålsfolk er det blitt ei populær mein-ning at valfridommen er for stor, og at han øydelegg for nynorsken. Eg skal ikkje diskutere slike synsmåtar næra- re her, berre registrere dei som uttrykk for 'tidsånda'.

Men det er interessant å leggje merke til at bokmåls- norma, som har minst like stor valfridom, ikkje blir dis- kutert på same måten. Likevel skjer det småjusteringar også der, men da utan at det blir store oppstuss kring dei. Ei linje ein kan skimte i ein del endringar, er utryddinga av 'lite brukte former'. Når dette no ser ut til å vere ei poli- tisk stemnelei, bør ein ta opp denne «utryddinga» til prin- sipiell diskusjon for å klargjere det politiske innhaldet i vedtaka.

Former som er blitt fjerna or bokmålsordlistene etter 1981, er f.eks. *sjølv*, [*skard*], *vidd*, *Færøyane*, *skulde* og *skunde*, og no er det framlegg om å ta ut f.eks. *sidd*, *ei- nerett*, *medels*, *treivs*, og *midsommar*. Noka stor reform utgjør ikkje desse orda enno, *sjølv* samnorskfolk som skriv bokmål, vil i praksis kanskje ikkje sakne desse for- mene så mye. Men dei er likevel ei politisk markering, dei kan stake ut leia for arbeidet i framtida. Grunnlaget for denne politikken er tvilsamt når ein ser på premissane som er lagde ned i formålsparagrafen åt Språkrådet og i f.eks. innstillinga om liberaliseringa i 1981.

### Formålsparagrafen

I formålsparagrafen åt den gamle Språknemnda heitte det:

«På grunnlag av vitenskapleg gransking skal ho gje sty- remaktene og ålmenta råd og rettleiing i språkspørsmål og i dette arbeidet fremja tilnærming mellom dei to skrift- måla på norsk folkemåls grunn.» (§ 1.)

I §2 blei 'vitenskapleg gransking' presisert:

«Med det føremål å få utbygt eit breitt grunnlag for rett- skrivning og mål dyrking i notid og framtid skal nemnda setja i gang gransking av talemål og skriftmål i nært sam- arbeid med dei ordboks- og innsamlingstiltak som er i gang.»

Formålet 'å fremja tilnærming' blei som kjent det sto- re stridsspørsmålet i lang tid, og fleirtalet i Vogt-nemnda laga eit framlegg til lovformulering for eit nytt Språkråd der denne formuleringa fall ut; det skulle i staden heite «på fritt grunnlag fremme et naturlig samarbeide i dyr- kingen og normeringen av våre to skriftspråk» (*St.meld.*

*nr. 15 (1968-69)* s. 74). Mindretalet i nemnda foreslo der- imot at rådet skulle «følge utviklingen av talemålet i bygd og by og skriftmålet i presse og litteratur, og på fritt grunn- lag fremme en naturlig tilnærming av våre to skriftspråk på lang sikt».

Dette mindretalsframlegget liknar mye på språk- nemnd-paragrafen, og det er denne formuleringa som vi tydeleg ser att i andre avsnittet i § 1 i Lov om Norsk språk- råd av 18. juni 1971:

«følge utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk og på dette grunnlag fremme samarbeid i dyrkingen og nor- meringen av våre to målformer og støtte opp om utvik- lingstendenser som på lengre sikt fører målformene nær- mere sammen»

Vi skal ikkje oversjå dei modifikasjonane som ligg i denne nye formålsparagrafen, og desse modifikasjonane er politisk motiverte. Det nye språkrådet skulle ikkje ar- beide så taktfast fram mot eit samnorsk skriftmål. Men paragrafen har likevel teke vare på målet med eit felles norsk skriftspråk – slik det var for Språknemnda, og slik mindretalet i Vogt-komiteen ville ha det. Modifikasjonen 'på lengre sikt' tyder berre at vi må ha tol. Dette langsik- tige målet har eit så klårt innhald at ein kan seie at det er i strid med lova å fjerne dei to målformene frå kvarandre!

Det er viktig å leggje merke til at språknemndarbei- det skulle skje på grunnlag av ei gransking av både tale- mål og skriftmål. Dette poenget har følgt med heile tida seinare, både i fleirtals- og mindretalsinnstillinga frå Vogt- komiteén (*St. meld. nr. 15 (1968-69)* s. 74) og i den lova som er vedteken for Språkrådet. Denne formuleringa stil- ler store krav til arbeidsmåten i Språkrådet, og ho fortel om kva data som er relevante som grunnlag for en- dringsvedtaka.

### Stortingsviljen i 1981

Spørsmålet om korleis ein skal tolke 'å føre målformene nærmere sammen', blei aktualisert att i samband med re- visjonen av bokmålet i 1981. Den revisjonen blei ikkje grunn- gitt i vitenskaplege granskingar av språkutviklinga, slik lova føreskriv. Det er svært tvilsamt om revisjonen kunne iegitimerast som 'utviklingstendensar' i skrift og tale. Det var nok departementet også klar over, for det dis- kuterte i *St. meld. nr. 100 (1980-81)* s. 9 dei motsetninga- ne som ligg i Lov om Norsk språkråd og grunn- gav re- visjonen med ei anna formulering frå lova: «verne om den



kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representere». Revisjonen blei dermed tolka slik at han låg innafor lova «enda de foreslåtte endringene kan føre til at avstanden mellom de to målformene i praksis blir større på enkelte områder.»

Formuleringa 'i praksis' kan tolkast slik at dei som bruker bokmålet, fjernar seg frå nynorsken i den skriftlege praksisen, sjølv om norma framleis er open for like nynorsk-nært bokmål. Formuleringa 'i praksis' skal da stå i motsetning til 'den tillatne rettskrivinga'. I den grad det var tale om utviding og ikkje innsnevring av rettskrivinga, var den argumentasjonen ryddig, og departementet la sjølv vekt på at *revisjonen mest var ei utviding*. Det blei «bare i liten utstrekning foreslått at gjeldende former skal utelukkes fra rettskrivningen eller læreboknormalen» (s. 10). Revisjonen av 1981 kan såleis brukast som presedens for fleire og andre utvidingar i bokmålsrettskrivinga, der det er tale om å ta inn former frå tale og skrift som kan kallast ein del av kulturarven.

Departementet ser ikkje på valfridom innafor rettskrivinga utan vidare som ei ulempe, valfridommen er ein del av den særnorske språksituasjonen. Det departementet derimot tek opp til diskusjon og ber Språkrådet arbeide vidare med, er ulempene med å ha for vid *læreboknormal*. Derfor var departementet

«i tvil om dette [dvs. revisjonsframlegget for læreboknormalen] er en heldig utvikling [...] Det hadde kanskje vært en bedre løsning at enkelte av de nye formene bare hadde fått plass i rettskrivningen, ikke i læreboknormalen» (s. 10)

Oppmodinga frå departementet er

«at Språkrådet ved vurdering av seinere rettskrivningsendringer bør prøve å redusere antallet jamstilte former i læreboknormalen. Departementet forutsetter at Språkrådet i dette arbeidet legger vekt på praktisk-pedagogiske erfaringer bl.a. i skolen, og samtidig støtter opp om utviklingstendenser som på lengre sikt kan føre våre to språkformer nærmere sammen». (s. 10)

Denne siste oppmodinga blir teken opp att seinare i stortingsmeldinga (s. 11), og det blir sagt ifrå om at ei slik nyvurdering av læreboknormalen er særleg aktuell om utviklinga i lærebokspråket går i retning av «de mest moderate former».

Denne stortingsmeldinga fekk samrøystes støtte i Stortinget, og stortingsvedtaket frå 1981 var dessverre eit tilbakeslag for arbeidet fram mot eit folkeleg bokmål og fram mot ei tilnærming. Men samtidig inneheld også den vedtekne meldinga klår tale når det gjeld det vidare arbeidet i Språkrådet. Desse pålegga har ikkje Språkrådet følgt opp.

Derimot har bokmålsseksjonen av Språkrådet ved eit par høve vedteke å «rydde bort» fellesformer som finst i bokmålsrettskrivinga. Det er det ikkje grunnlag for i *St.meld. 100 (1980-81)*, for eit «oppryddingsarbeid» skal

i samsvar med den skje ved regulering mellom læreboknormal og rettskriving, og ikkje ved å stryke former or rettskrivinga, som i tilfella som er nemnde ovafor. Det einaste ein kunne ha vurdert i tråd med stortingsmeldinga frå 1981, var om desse formene kunne gjerast til klammeformer.

### Ulike problem

Vi ser at orda nemnde først i artikkelen representerer ulike problem:

1) Endinga *-ane* i ein del landsnamn kan seiast å vere i strid med bøyingsystemet i bokmål, og dermed bør dei ut.

2) I tilfelle som *skard, midsommar, skulde, skunde* og *medels* finst det framleis att ei fellesform mellom bokmål og nynorsk: *skar, midsommar, skylde, skynde* og *middels*.

3) Når formene *sjølv, vidd, sidd, einerett* og *treivs* er sløyfa, er det ikkje att noka fellesform i dei to skriftmåla.

Teknisk sett kan ein altså seie at denne siste typen er klåraste brottet på formålsparagrafen. Og dersom det er svakt talemålsgrunnlag for *v-en* i *sjølv*, kan ein sjølv sagt seie at denne bokstaven burde takast opp som eit problem i nynorskseksjonen. Men same korleis ein vurderer dette, bør det skapast klårare retningslinjer for korleis ein skal behandle samformer av ymse typar slik at ein arbeider i samsvar med formålsparagrafen. For eksempel burde det diskutast om ikkje vedtak om slike former burde behandlast av heile rådet og ikkje berre seksjonsvis. Skal ein samarbeide, er det viktig å definere kva som er fellessaker.

I det praktiske normeringsarbeidet dukkar det stadig opp spørsmål om samformer og kor fritt ein står til å gjere noko med dei. Dette gjeld i prinsippet i begge seksjonane. (Det er f.eks. no framlegg om å byte ut fellesforma *betjene* med *betene* i nynorsk.) Problema kan stundom vere nokså kompliserte pga. at formene (både nye og gamle) kan vere ein konsekvens av heile system. Derfor bør desse problema gjennomdrøftast slik ein kan stake ut slike retningslinjer for arbeidet med samformene som gjer at ein arbeider i samsvar med formålsparagrafen.

Eitt punkt burde vere heilt klart, og det gjeld føresetnaden om at ein skal byggje på granskingar av utviklinga i skrift og tale. Det vil seie at Språkrådet ikkje kan avgrense seg til subjektive inntrykk i sekretariatet og fagnemnda om kva som er 'vanleg'. Det vil i praksis berre seie at Oslo-sentrismen får halde på grepet sitt, og ingen vil fange opp at norsk bokmål ser annleis ut i f.eks. *Nordlys* og *Romsdals Budstikke* enn i *Dagbladet* og *Aftenposten*. Derfor trengst det ein diskusjon om kva språklege tekststar som skal vere datagrunnlag og referanseramme for granskingane av norsk skriftmål. Og dessutan – og det er enda viktigare – skal ein jamføre også med utviklinga i talemålet! Det gjeld også i bokmålet, om ein skal halde seg til lova.

Innafor nynorsken er det sterkare hevd for at referansar til talemålet er relevante argument i normeringa. Men også der trengst det klårare retningslinjer for korleis ein skal ta omsyn til talemålet, og ikkje minst til «utviklingen i norsk talespråk». Hittil har Språkrådet lagt vekt på granskingar av skriftmålet, og såleis teke den delen av plikta si alvorleg. Ei gransking av skriftmålet i norsk skjønnlitteratur blei lagd fram i 1993 i *Språknormering og forfatterne. Ortografi og morfembruk hos ti bokmålsforfattere for hvert av årene 1937, 1957 og 1977* av Egil Pettersen. I år legg Lars S. Vikør fram ein tilsvarande

granskingsrapport om språkutviklinga i nynorsk skjønnlitteratur. Begge desse granskingane er nyttige for å forstå og for å diskutere skriftradisjonen, og dei må følgjast opp for den aller siste tida. Men dei representerer likevel berre eine halvdel av plikta åt Norsk språkråd. Språkrådet kan ikkje vedta å ta bort former or rettskrivinga berre med å vise til at dei ikkje blir brukte i skriftmålet (dét kan jo ha sine spesielle ikkje-språklege grunnar), ein må også kunne dokumentere at dei ikkje blir brukte i talemålet.